

Litterær samtale (innhald)

For at elevane skal kunne gå «bak» teksten og forstå meir av det som ligg «skjult» bak linjene, kan ein litterær samtale vere fin å bruke. For at den litterære samtalen skal fungere godt, og viss de ikkje har gjort dette tidlegare, bør alle elevane i første omgang ha eit felles utgangspunkt. Slik får ein med alle. I denne biletboka kan det vere lurt å ta utgangspunkt i hovudpersonen Bomulv. Både før leseøkta og medan de les, vil elevane ha gjort seg nokre tankar om hovudpersonen.

Forslag til arbeidsmåte:

- 1) La elevane arbeide individuelt med å skrive ned tankane sine om Bomulv som ulv. Desse spørsmåla kan vere ei starthjelp:
 - Likar du Bomulv? Grunnge svaret ditt.
 - Korleis vil du beskrive Bomulv? Vis til teksten når du grunnge svaret ditt.
 - Er Bomulv ein god eller ein dårleg venn? Vis til handlingane i boka når du grunnge svaret ditt.
 - Kvifor trur du Bomulv føler seg einsam?

Spørsmåla over skal vere ei hjelp til å repetere noko av innhaldet, samtidig som elevane heile tida må bruke teksten som utgangspunkt for å seie si meining om hovudpersonen.

- 2) Set saman grupper på fem og fem: Kvar elev seier kva dei har skrive som svar på spørsmåla. Dersom nokon andre vil kommentere det dei andre har skrive, er det fint. Ha klare samtalereglar:
 - Alle skal seie noko.
 - Alle lyttar når den andre snakkar.
 - Rekk opp handa dersom du vil kommentere noko, eller vil leggje til noko.
 - Å vere ueinig er lov, men tenk på korleis du snakkar når du er ueinig.

Etter den første runden kan elevane i gruppa snakke saman om korleis samtalen i gruppa gjekk. Kva fungerte fint, og kva kan gjerast annleis for å få til ein betre samtale?

- 3) I neste runde av den litterære samtalen skal vi leggje vekt på elevane si oppleving av å lese denne boka. Å reflektere rundt kva boka gjer med deg som lesar kjenslemessig kan opne for rikare leseopplevingar i neste runde.

Læraren held ei miniforelesing der han eller ho tek utgangspunkt i ei av hendingane i boka, til dømes den første sida der Bomulv blir mobba av dei andre ulvane i søskenflokket. Les den sida og fortel kva det får deg til å føle. Kvifor følte du det slik? Læraren si miniforelesing skal gi elevane bakgrunnskunnskapar som gjer dei i stand til å leggje vekt på kjensler og på leseopplevinga. Grunnge kvifor det er viktig å konsentrere seg om leseopplevinga.

La elevane velje ei konkret hending i boka som dei vil jobbe med. Elevane les og skriv ned kva dei følte då dei las det. Alternativt kan du som lærar velje kva hending dei skal jobbe ut frå. Jobb ut frå dei same spørsmåla som i miniforelesinga.

- 4) Set saman grupper på fem elevar og lat elevane fortelje kva dei opplevde. Som lærar kan du observere korleis samtalen går mellom elevane. Bruk samtalereglane over og snakk saman etterpå om kva dei kom fram til.
- 5) Når den litterære samtalen er gjennomført, kan elevane individuelt svare på spørsmål til heile teksten:

Forslag til skriveoppgåver:

- Kvifor kjenner Bomulv seg einsam?
- Kvifor dreg han vekk frå familien sin, trur du?
- Kven møter han når han kjem ut frå skogen?
- Korleis blir møtet med sauene?
- Kvifor blir menneske skildra som monster på to bein, trur du?
- Kva hender når Bomulv møter den andre ulveflokk?
- Kva hender når Bomulv kjem heim igjen til familien sin?
- Kvifor klarer Bomulv å ule mot slutten av boka, trur du?

